

**Daniel Heradstveit**

**ELITEINTERVJUING INNAN RAMMA  
FOR EIN KUMULATIV OG KOMPARATIV  
FORSKINGSSTRATEGI**

norsk  
utenrikspolitisk  
institutt



**NUPI**

norwegian institute of international affairs

**Daniel Heradstveit**

**ELITEINTERVJUING INNAN RAMMA  
FOR EIN KUMULATIV OG KOMPARATIV  
FORSKINGSSTRATEGI**



DANIEL HERADSTVEIT

ELITEINTERVJUING INNAN RAMMA FOR EIN KUMULATIV OG KOMPARATIV  
FORSKINGSSTRATEGI

Mange som skriv hovudoppgåver har hatt eit kort opphald i landet dei skriv avhandling om. Der har dei gjerne hatt samtalar med noen "interessante" personar som har ført til eit fastare grep på det problemfeltet dei ønskjer å belyse. Men svært ofte har ikkje desse samtalanane fått den utteljing i avhandlingssamanheng som dei burde. Årsaka til dette ligg i at samtalanane har vore prega av ein intuitiv strategi - litt hulter til bulter - utan tanke på at slike samtalar kan gi verdifulle originaldata til avhandlinga. For at dette skal skje trengst det framgangsmåtar som er vitskapleg forsvarlege, og det krev skolering på førehand.

Eg vil gjerne understreke at om du skulle bestemme deg for å gjennomføre eliteintervju når du skriv avhandling, så inneber ikkje det på noen måte at heile avhandlinga behandlar denne type data. Det kan kombinerast med andre typar data og andre framgangsmåtar.

Når du skal skrive ei avhandling, er det viktig å leggje opp ein arbeidsplan som er systematisk. Vi kastar bort mye tid ved manglande organisering og planlegging. Dette skuldast som regel usikkerhet når det gjeld problemstilling, teori og metode. Har ein løyst usikkerheten på eit av desse punkta, er ein straks kommen lengre i å få "kontroll" over arbeidsoperasjonane. Denne artikkelen tek sikte på å redusere den usikkerhet du står overfor ved å skissere ein metodisk farbar veg fram til målet. Artikkelen dreiar seg om intervjuing av elitar - eit felt det er allmenn semje om har fått for liten oppmerksomhet. Metodebøkene er ikkje grundige nok i drøftinga av dei problem som melder seg når siktemålet er politiske elitar.

Korleis går vi fram når vi skal velje ut politiske elitar? Kva gjer vi når vi ikkje får intervju med dei vi gjerne skulle hatt intervju med? Kva gjer vi med data når vi har ei intervjuliste som ikkje er representativ for den eliten vi ønskjer å studere? Korleis sikrar vi oss reliabilitet og validitet? På kva måte skil eliteintervjuing seg frå meiningsmålingar av befolkningsgrupper? Kva gjer vi når vi ikkje

kjenner problemfeltet vi spør om særleg inngående - langt mindre svaruniverset?

Svært ofte ser vi at studentar gir opp når data ikkje er "perfekte" fordi dei trur at den "riktigaste" forskning er tufta på representative utval som gjer oss i stand til å nytte statistiske testar frå metodeboka. Faktum er at noe av den mest interessante forskning må ta utgangspunkt i utilstrekkelege data og framgangsmåtar som langt frå er ideelle utifrå dei vitenskapsideala som er knytt til den eksperimentelle metode t.d. Men vi må lære oss korleis vi skal behandle slike data på ein vitenskapleg forsvarleg måte.

Ei god drøfting av parallelle metodiske problem vil du også kunne finne i: Putnam, Robert D.: The Beliefs of Politicians, Yale University Press 1973.

Denne metodeartikkelen knyter seg til eit forskingsprosjekt som er publisert i form av to bøker:

Arab and Israeli Elite Perception, Oslo/Bergen/New York 1974

heretter kalla arbeid A, og

The Arab-Israeli Conflict. Psychological Obstacles to Peace, Oslo/Bergen/New York 1981

heretter kalla arbeid B.

Metoden gir eit bilete av den framgangsmåten som er nødvendig for at forskning skal bli både kumulativ og komparativ på eit felt der det har vore utført lite forskning tidlegare. Det er ein illustrasjon på korleis vi metodisk beveger oss frå ein eksplorerande til ein meir bekreftande fase i forskingsprosessen.

Det blir nødvendig å gå fram stegvis både i metodiske og teoretiske spørsmål.

I tråd med ein komparativ og kumulativ forskingsstrategi blir analysen vidare utvikla i arbeid B på alle dei fire stadia som er kritiske i ein forskingsprosess: a) begrepsapparat, b) operasjonalisering av dette, c) metode og d) database.

Døme på dette er at vi beveger oss frå eit fokusert intervjuopplegg i arbeid A til eit standardisert intervjuopplegg i arbeid B basert på røynslene i arbeid A. Dette styrkjer mulighetene for komparativ og kvantitativ analyse. Vidare er dei teoretiske begrepa meir eklektiske i første fase (arbeid A), medan vi i arbeid B innsnevrar teorien. Arbeid A sette oss i

stand til å stille meir spesifikke spørsmål i arbeid B og å gå djupare ned i eit meir avgrensa problemområde.

Den kvalitative metoden som er nytta i arbeid A utfyller og beriker inntrykket av den database vi byggjer på. Kvantifisering av data i arbeid B gir alt eit meir solid grunnlag for utprøving av hypotesar.

Arbeid B reduserer usikkerhet ved resultat oppnådd i arbeid A.

Den metodiske drøftinga er knytt til ein studie av den arabisk-israelske konflikten, der siktemålet var å belyse problem knytte til konfliktløysing.

I all samfunnsvitskap er problem med datatilgang og måling vanleg. Vi vil drøfte desse problema slik vi er blitt konfronterte med dei i denne studien. Sidan relativt få forskingsarbeid i statsvitskap omfattar intervju med representantar på begge sider i ein internasjonal konflikt, kan erfaringar og spesifikke problem vi støytte på vere av særleg interesse. Formålet med drøftinga ligg difor på to plan: å vise begrensningane av våre data, og å dele erfaringar som kan vere nyttige for forskarar med tilsvarande prosjekt.

Fordi desse problema er så vidt kompliserte, har vi ei utfyllande drøfting av dei. Eit godt resultat står og fell med kvaliteten på intervjuprosedyren.

Vi venta å finne oppfatningar som ikkje umiddelbart kjem fram i dokument, men som like fullt er viktige for forskingsproblemet. Meiningskilnader som gjeld politikken som blir ført, vil avisene gjerne dempe ned, medan dei i konfidensielle intervju kan komme fram. I mange av dei landa vi hadde intervju var det dessutan inga fri presse.

Det komparative aspektet av studien er etter vår meining essensielt når ein har å gjere med konfliktløysingar. Ein absolutt føremon ved å intervjuje er simultan datainnsamling, og ein kan stille dei same spørsmåla på begge sider i ein konflikt. Å intervjuje gir difor eit godt utgangspunkt for komparativ analyse av oppfatningar (holdningar).

Svarvaliditet

Vi intervjuer i Egypt, Jordan, Libanon og Syria i 1970. Vidare hadde vi i 1972 intervju i Israel. I denne første runden var ikkje spørsmåla standardiserte. Typen spørsmål som blei stilte finn ein i Heradstveit 1974. I 1974 og 1976 hadde vi intervju i dei same landa, med unntak av Syria i 1974, og med unntak av Syria og Libanon i 1976. (Spørsmålsskjema: Heradstveit 1981.) Nå brukte vi standardiserte spørsmål med opne svar. Dei første intervjuer (70-72) var styrande (pilot-study) for intervjuer i andre runde.

Både i 70-72-74-76 intervjuer vi i april og mai. Respondentane finn ein i Heradstveit 1974 og 1981.

Å måle oppfatningar direkte er uråd. Vi har å gjere med indre subjektive tilstandar som ein ikkje kan måle direkte. Somme oppfatningar kan det vere vanskeleg å setje ord på, andre kan vere skjulte for vedkommande. Dette er generelle problem som vi ikkje kjem til å hefte oss meir ved her. Intervjuobjekta kan òg bevisst villeie intervjuaren ved å gi instrumentelle svar. Dei gir ikkje uttrykk for kva dei eigentleg meiner, i så fall kan svara vere utan validitet.

Det er ein tendens til at partane i ein internasjonal konflikt definerer situasjonen til eigen fordel - eller til det ein trur er eigen fordel. I ein så kjenslelada konflikt som midtaustenkonflikten, ligg det nær å tru at intervjuobjekta vil gi uttrykk for det som vil gagne deira sak. Dersom den intervjuer gir uttrykk for meiningar han ikkje har, og på den måten bevisst prøver å villeie intervjuaren, er svara utan validitet. Sidan dette er eit problem som ofte blir reist ved intervjuing i Midtausten, har vi valt å gå djupare inn i problemet.

Problemstillinga er: Gir den som blir intervjuer uttrykk for meiningar han/ho verkeleg står for, eller prøver han/ho å formidle meiningar han/ho trur vil tene han/ho og hans/hennar side i konflikten? Dersom det siste er tilfelle, uttrykkjer respondentane seg på ein måte som ikkje harmonerer med våre interesser. Det kan vere to grunnar til at han/ho gjer dette: 1) Trur respondenten at det vil tene saka (dette kan sjølvsagt variere frå spørsmål til spørsmål) å gi svar som avvik frå det han/ho eigentleg meiner? 2) Inneber det ein risiko for han/henne å vere ærleg (sanksjonar)? Problemet er å skape ein

intervjusituasjon der respondentane genererer ein uttrykksmåte som harmonerer med det dei står for (validitet), og at desse meiningane blir korrekt gjevne att både under intervjuinga og ved kodinga av data (reliabilitet). Måten vi legg opp intervjuinga på gjer oss i stand til å manipulere dei variable som kan komme til å influere på intervjusvara. Noen variable er alt gitt, som t.d. intervjusituasjonen, men andre kan ein variere på ulik vis med tanke på å oppnå større validitet på svara. Eitt døme på dette er å minske intervjuarens frykt for sanksjonar dersom han svarer ærleg. Difor understreka vi anonymiteten før intervjuet byrja, ikkje noe av det respondenten sa skulle kunne først tilbake til han.

Intervjusituasjonen er gitt i utgangspunktet, men svara vil avhenge av korleis respondenten definerer intervjusituasjonen. I eit konfliktområde er det sannsynleg at intervjuobjektet vil ha intervjuarens motiv in mente, og han vil òg vurdere korleis egne behov kan tilpassast intervjuet. Respondenten kan komme til å forsvare aksjonar som han har mistanke om at intervjuaren er imot. Han/ho kan stille seg sjølv og den sida i konflikten han/ho sympatiserer med i eit gunstig lys ved å prøve å overtyde om at hans/hennar parti har "historia" og "retten" på si side, osv. Men på kva måte intervjuobjektet vil gjere det, avheng òg av kva inntrykk han/ho har av intervjuaren.

## Intervjuar

I ein intervjusituasjon er det viktig kva oppfatning (persepsjon) intervjuobjektet har av intervjuaren. Når det gjeld intervjumetoden, går mye av diskusjonen på å minske den negative effekten som intervjuaren kan ha ved at han influerer respondenten. Ei viktig kjelde til forvrenging i Midtausten kan vere respondenten si oppfatning av at intervjuaren har teke stilling i konflikten. Dette kan føre til at intervjuobjektet anten gir forvrengde svar som tilfredsstillar intervjuaren eller svar som går på tvers av dei synspunkt han tillegg intervjuaren.

Ein eliminerer ikkje nødvendigvis denne forvrenginga ved å seie at ein er nøytral, fordi noen vil oppfatte nøytralitet som motstand (motsetningsforhold). Dessutan kan arabarar oppfatte



dette annleis enn israelarar, vidare kan det vere ulike oppfatningar mellom elitar. Eit alternativ til å stille seg nøytral utanfor konflikten ("neutral outsider"), kan vere å prøve å gå inn i konflikten med subjektive oppfatningar av begge sider ("subjective insider"). Ved å gi respondenten inntrykk av at vi står på hans side i konflikten, vil vi kanskje oppnå meir velvilje enn om vi gir uttrykk for at vi vil leggje vekt på å få fram ulike syn. Etter vår oppfatning ville ikkje dette vere i samsvar med etiske reglar. Vi ville ikkje seie noe i Kairo og noe anna i Tel Aviv. Å framstå som "subjective insider" vil heller ikkje eliminere problemet med forvrenging.

Vi erfarte likevel at "nøytralitet" straks blei akseptert, det appellerte til deira oppfatning av "rettferd". Ikkje i noe tilfelle hadde intervjuobjekta innvendingar mot at intervjuaren var nøytral, tvert om, det verka som dei sette pris på det. Vi hørde ofte kommentarar som "Vi verdset det" eller "Det er absolutt behov for objektiv informasjon om dette problemet". I stor grad lykkast vi i å stå fram som "nøytrale observatørar", i mange tilfelle var det det som gjorde at vi fekk intervjuet. Norske sponsorar av studien styrkte dette inntrykket hos konfliktpartane.

Vår status som konfliktforskarar var også til hjelp. Inntrykket vårt var at det stimulerte intervjuobjekta til å vere opne og oppriktige. Det blei ofte gitt uttrykk for at det var nødvendig med seriøs forskning på konflikten. Sannsynlegvis reduserte det forventningane om belønning og sanksjonar at det som blei sagt ikkje ville ha noen umiddelbar effekt. Intervjuarens mulighet for å påverke gjennom instrumentelle svar skulle difor vere redusert.

## Intervjuobjekt

Når ein vurderer mulighetene for invalide svar, må ein også hugse at det er to i eit intervju - intervjuar og intervjuobjekt - det er òg viktig å tenkje på kven du intervjuar. Somme er svært sensitive for påverknad i intervjusituasjonar, og ein kan difor lett komme til å manipulere svara. Dei kan t.d. lett gi det svaret dei trur er "rett". Muligheten for ugyldige svar er større



når ein har slike respondentar.

Elitegrupper som er politisk aktive, hører vanlegvis ikkje heime i denne kategorien. Forsking viser at vi finn eit relativt høgt samsvar mellom det politiske aktivistar seier i intervju og det dei seier elles. Respondentane i denne studien er politiske aktivistar.

Vi må òg differensiere etter kva rolle respondentane har. Når ein ekspedisjonssjef i det israelske utanriksdepartementet gir eit intervju, kan instrumentalitet vere sterk. For ein universitetsprofessor derimot, er det lettare å gi ei mest mogleg riktig framstilling fordi rolla hans er friare.

Graden av engasjement kan òg influere. Stiller vi spørsmål om ei sak som respondenten er sterkt engasjert i, vil dette truleg ikkje berre auke muligheten for instrumentelle svar, men òg minske muligheten for at respondenten gir svar som "tilfredsstillar" intervjuaren. Saka er så viktig for han at han vil seie si meining sjølv om han har ei kjensle av at denne går på tvers av intervjuarens oppfatningar.

Det er ikkje berre intervjuar-intervjuobjekt som spelar ei viktig rolle, spørsmåla er òg avgjerande. Er det rimeleg å tru at intervjuobjektet kan tene på ikkje å seie det han "eigentlege" meiner? Dette kan variere frå spørsmål til spørsmål. Er det ei svært sensitiv sak, vil respondenten ganske enkelt nekte å svare eller han vil gi eit høgst villeiande svar. Men ikkje eitt av spørsmåla vi stilte kan bli sett på som svært sensitive. Dei fleste spørsmåla krev reint deskriptive svar, vi kan difor vanskeleg sjå at respondentane skulle ha noe å tene på ikkje å fortelje kva dei meiner. Dessutan kjenner ikkje respondentane kodeskjemaet.

## Motivering

Til nå har vi berre diskutert dei validitetstap som kan oppstå når respondenten ønskjer å influere intervjuaren (ytre motivasjon, extrinsic motivation).

Men det er ei anna viktig motivasjonskjelde: den sjansen eit intervju gir intervjuobjektet til å snakke fritt om eit emne som opptek og interesserer han/henne (indre motivasjon, intrinsic

motivation). Intervju er ein tovegskommunikasjon mellom intervjuobjekt og intervjuar. I denne prosessen har truleg for mye av interessa vore fokusert på respondenten sitt ønske om å influere intervjuaren. Men det er viktig å redusere validitetstap ved systematisk å kartleggje alle dei variable som kan ha negativ innverknad og finne ut kva som kan gjerast for å minske dei. I prosessen av gjensidig påverknad er det også viktig at intervjuaren klarer å stimulere respondenten til å snakke om det han blir spurt om. Dersom respondenten ikkje blir motivert til å snakke, kan han gi ufullstendige og lite gjennomtenkte svar med påfølgjande validitetstap. Det ligg difor ein innebygd fare i ikkje å leggje nok vekt på indre motivasjon, men berre fokusere på ytre motivasjon. Vi drøfter nå sjølv sagt heile tida eliteintervjuing.

Respondenten må bli motivert - han skal ha ei kjensle av at det ligg ein verdi i berre det å snakke med intervjuaren. I kva grad ein vil lykkast, avheng mye av intervjuaren.

Når det gjeld dei to grunnleggjande kjeldene for motivasjon som vi meiner finst i ein intervjusituasjon - ønsket om å påverke, og gleda som respondenten kjenner ved å snakke fritt om emnet til ein som står utanfor konflikten - meiner vi med basis i det vi har erfart, at den siste motivasjonskjelda er langt den viktigaste.

### Intervjustruktur

Når intervjuaren nyttar ikkje-strukturerte spørsmål (teknikken med spørsmål som ikkje er standardiserte) (1970/72), inneber det fare for at han/ho stiller leiande spørsmål og kjem fram til subjektive og forvrengde oppfatningar (persepsjonar) av det som blei sagt. Resultatet avheng difor av kor dyktig intervjuaren er. Standardiserte spørsmål reduserer, men eliminerer ikkje nødvendigvis, faren for subjektiv påverknad som gir slagside i synspunkt.

Somme av spørsmåla vi stilte kan ein sjå på som leiande, som t.d.: På kva måte og i kva grad er di side avhengig av supermaktene? Ein kan hevde at spørsmålet er "leiande" ved at det signaliserer ei ufri stilling i høve til stormaktene (eit

avhengighetsforhold). Det ville vere korrekt å stille spørsmålet slik: Er landet ditt avhengig av supermaktene? (Dersom ja, på kva måte?)

Dersom vi vel å følgje desse reglane, ville intervjuet blitt lenger og viktige spørsmål ikkje komme med.

Med basis i tidlegare erfaring ser vi ikkje på dette spørsmålet eller andre spørsmål i intervjuet som "leiande". Vi må ta omsyn til at desse spørsmåla blei stilte til elitepersonar. Med støtte i tidlegare data kan vi trygt rekne med at mellom elitepersonar blir ei eller anna form for avhengighet til stormaktene tatt for gitt.

Det at vi brukte ei uformell, ikkje-strukturert intervjuform i første studien vår gjorde at vi kunne "justere" spørsmåla alt etter situasjon og respondent. Det er klare fordelar og definitive ulemper ved denne framgangsmåten.

Med basis i den første intervjurunden i arbeid A, meinte vi å ha fått nok innsikt i svaruniverset og måten respondentane brukte og forstod språket på til å gå over til standardiserte spørsmål i arbeid B.

Grunnlaget som blei lagt i den første intervjurunden letta oppgåva med å sortere ut dei mest relevante aspekt i undersøkinga. Vi hadde ei klarare oppfatning av kva vi skulle spørje om. Dette siste er viktig fordi mange gode intervju utførte ved forskingsinstitutt på ein eller annan måte blir uaktuelle og ein endar opp med å stille spørsmål som ikkje er særleg relevante og som skaper undring og forvirring hos respondenten.

Dette, i tillegg til eit meir fokusert teoretisk siktemål, gjorde det lettare å finne ut kva spørsmål vi skulle stille.

Det var likevel ei vanskeleg oppgåve å formulere meiningsfylte spørsmål som kunne stillast på begge sider. Dei måtte vere lette å oppfatte for begge partar og bli forstått på same måte, noe som òg var eit problem. Spørsmåla blei stilte til menneske av ulik nasjonalitet og difor blei forma svært viktig. Kanskje kan ein hevde at det enkle språket som er brukt, gjer spørsmåla mindre presise. Men dette argumentet held truleg ikkje når vi tenkjer på kva vi er ute etter å måle, nemleg elitars oppfatningar av seg sjølve og motstandarane osv. Igjen drog vi nytte av arbeidet i første intervjurunde fordi det gav oss ein

klar indikasjon på kva språk respondentane ville bruke. På den måten kom vi fram til eit språk som ville bli forstått likt av alle. Utan ein slik kumulativ forskingsstrategi ville eit komparativt siktemål blitt vanskeleg.

Det kunne kanskje vere ein styrke å nytte språket til intervjuobjekta, men manglande kunnskapar i hebraisk og arabisk gjorde at vi stilte spørsmåla på engelsk. Vi kunne ha brukt intervjuarar som kjende språka, men såg det som viktig å nytte erfarne forskarar som var nær knytte til prosjektet. Det beste ville vere om desse intervjuarane snakka hebraisk og arabisk. Det kan diskuterast i kva grad vi ville oppnådd betre datamateriale ved å bruke ein slik framgangsmåte.

Når det gjaldt spørsmåla til andre intervjurunde, bygde vi på erfaringar frå pilotstudien (arbeid A), og i tillegg hadde vi seks "prøveintervju" med arabarar og israelarar busette i Oslo. Dette var nyttig, og førde til viktige korrigeringar av spørsmåla. I Oslo kom vi saman og diskuterte erfaringane vi gjorde, noe vi ikkje kunne gjere i Midtausten. Pilotstudien og prøveintervjua er truleg grunnen til at intervjuarane ikkje hadde problem med spørsmåla i andre og tredje runde.

Det er viktig å vere klar over at intervjuarane ikkje var tilfeldig valde. Dei var godt kvalifiserte, inne i forskingsproblema og trena i å vere nøytrale i intervjusituasjonar. Intervjuaren sine kvalifikasjonar er alltid viktige, men i dette tilfelle var dei heilt avgjerande fordi intervjuaren si rolle var å vere nøytral og utan direkte tilknytning til konflikten.

Eit anna viktig punkt var opne versus lukka spørsmål. Kahn og Cannel hevdar at avgjerda må baserast på (Kahn og Cannel side 11):

- 1 Målsetjinga med intervjuet.
- 2 Kor godt informert respondenten er om emnet.
- 3 Grad av struktur som karakteriserer respondenten sine meiningar om emnet.
- 4 Kor lett det er å kommunisere om problemet.
- 5 Den kunnskap og innsikt intervjuaren har om respondenten sin situasjon.

Ikkje berre kjennskap til svaruniverset, men òg dei data vi er interesserte i, avgjer om det skal vere opne eller lukka spørsmål. Ved visse intervjudata som t.d. undersøkingar om politiske standpunkt til heilt konkrete politiske saker, passar lukka spørsmål best. Men lukka spørsmål passar dårleg når ein skal måle generelle persepsjonar og oppfatningar der strukturen er viktig. Ein må òg ta med i vurderinga kva type intervjuobjekt det er tale om. Elitar er langt mindre reseptive for lukka spørsmål.

Spørjeskjemametoden med lukka svar er godt utvikla og er ein enkel og grei måte å få data på. Men det verkar som det innan elitar er ei veksande mistru knytt til denne måten å samle inn data på.

Vi kom til at opne spørsmål ville vere meir adekvate, særleg med tanke på at eit av hovudformåla med studien var å etablere strukturen i oppfatningssystem. Da er det ein fordel å gi respondenten høve til å snakke fritt.

Eit anna alternativ ville vere å bruke både opne og lukka spørsmål. Noen vil hevde at for somme av spørsmåla ville svartypen vere så godt kjend på førehand at det rettferdiggjorde lukka spørsmål. I ettertid ser vi at det er rett.

Ein absolutt ulempe med opne spørsmål er kodinga etterpå, som er ei svært krevjande oppgåve.

Standardiserte intervjukjema med opne spørsmål, sette likevel grenser for kor fritt intervjuaren kunne snakke. Han kunne ikkje stille oppfølgingsspørsmål, med unntak av noen få spørsmål der vi var blitt einige om at dersom respondenten nekta å svare, var tilleggsspørsmål tilletne, men desse spørsmåla skulle vere dei same for alle intervjuarane, intervjuaren sjølv skulle ikkje lage spørsmålet. På den måten innebar ikkje opne spørsmål ein frittflytande samtale. Teknikken er ein mellomting mellom den uformelle, halvstrukturerte teknikken vi brukte i første runden og den formelle, strukturerte og lukka ein bruker i svært mange undersøkingar.

I andre og tredje runde nytta vi berre skrivne notat (redigerte notat). Vi kom til at bandopptakar ikkje var det rette når folk skal uttrykkje seg fritt om eit sensitivt konfliktområde. Å ta notat reduserer reliabiliteten. For å bøte på dette blei det bestemt at etter kvart intervju skulle det

avsettjast tid for intervjuaren til å gå tilbake til hotellet og arbeide vidare med intervjunotata medan dei framleis var ferske. Når ein tek notat, er intervjuareffekten ein variabel, difor hadde vi meir enn ein intervjuar på begge sider.

Respondenten fekk ein indikasjon på kva type spørsmål som ville bli stilt, men ingen fekk spørsmåla på førehand.

## Representativitet

Respondentlista kunne utan tvil vore betre, men det var inga lett oppgåve å få dei respondentane vi ideelt sett gjerne ville ha. Vanskane med å definere universet og å finne fram til dette var store. Slike vanskar bør likevel ikkje hindre forskning i området, men signaliserer varsemd med omsyn til behandling av data. På grunn av dette har vi vore forsiktige med bruken av statistisk metodar.

I vårt tilfelle er karakteristika ved universet ukjent. Det i seg sjølv gjorde det uråd å få eit "representativt" utval. Vi var på jakt etter elitepersonar som aktivt var med på å forma politikken i konflikten. Til nå er det ikkje utvikla allmenne kriterium ein kan bruke i å bestemme politiske aktørar. Men sjølv om dei relevante elitegruppene var klart definerte, ville det framleis vere uråd å spesifisere dei personane som burde inkluderast i det teoretiske universet. Mangel på statistisk materiale ville krevje kostbar forskning, inkludert ein god del feltarbeid i området berre for å skissere opp det teoretiske universet. For å få eit tilfeldig utval måtte ein òg reise frå by til by, prosjektet ville med andre ord overskride både tids- og økonomiramme.

Løysinga kunne vere å undersøkje ei spesifisert elitegruppe, som t.d. parlamentsmedlemmer. Med dei ulike politiske system vi har i Midtausten, ville dette vere utan verdi sett frå eit komparativt synspunkt. Det ville bli nok eit eksempel der metodikken er viktigare enn å komme med bidrag til det saka gjeld. Som LaPiere understrekar (LaPiere side 237):

Det er meir verdifulle å komme fram til ein fornuftig antakelse om det essensielle enn nøyaktige målingar av noe

som sannsynlegvis vil vise seg å vere irrelevant.

Ideelt sett skal data avspegle karakteristika ved universet. Men krava til utvalet må òg evaluerast i relasjon til studiens mål. Vi utfører ikkje gallupundersøkingar der differansar i prosent er avgjerande. Samanlikningar som er avhengige av nøyaktige frekvensfordelingar i universet vil difor ikkje bli utførde.

Typen problem ein vil belyse må ikkje vere avhengig av eit såkalla representativt utval. Resultata i tabellane er meint som deskriptive samandrag av resultata. Vi generaliserer ikkje på noen måte frå utvalet til universet. Eit utval som ikkje er tilfeldig eller representativt krev at vi bruker data med varsemd. Vi har ikkje noe statistisk bevis for at oppfatningane (persepsjonane) vi har dekkja er representative for elitane. Men med utgangspunkt i dei utvalsprosedyrane vi har nytta, er det sannsynleg at vi har fått med dei synspunkta som har innverknad i den arabisk-israelske konflikten. Det vi ikkje kan seie noe om er frekvensfordelinga av desse synspunkta innan respondentane sitt univers.

Vi har teke med eit vidt spektrum av elitepersepsjonar. Vi har likevel unngått å kartleggje oppfatningar som grupper av marginal betydning, idiosynkratiske grupper, står for. Ut frå vårt forskingsformål er vi berre interesserte i oppfatningsmønster som representerer viktige tankestraumar i området, dvs hovudvariantar av eliteoppfatningar.

Da er det viktig å merke seg at det teoretiske siktemålet ikkje er avhengig av eit representativt utval. Det meste av analysen tek for seg attribusjonsprosessar og samanhengen mellom oppfatningar hos den enkelte respondent (struktur). Å finne ut på kva måte individet kjem med kausale forklaringar krev ikkje representative utval. Heller ikkje når ein prøver å etablere strukturen i oppfatningssystem, er eit representativt utval nødvendig. Med utgangspunkt i dette, tener truleg databasen vårt formål. Det treng ikkje vere eit "utval" i statistisk forstand.

Overrepresentasjon eller manglande representasjon av visse grupper treng ikkje nødvendigvis føre til forvrenging av resultata når det gjeld attribusjon og konsistens.

Med dette in mente blir ikkje krava til utvalet så strenge. Vi gjer sjølvsagt ikkje krav på å ha eit "perfekt" utval. Som i



dei fleste samfunnsvitskaplege studiar har vi eit mindre utval enn det vi kunne ønskje. Og det bør leggjast til at den eine delen av analysen er sensitiv for frekvensfordelinga i universet. Det er den deskriptive analysen av stabilitet i oppfatningar (holdningar). Dette resultatet er difor hypotetisk.

Eit indirekte forsøk på validitetstest blei gjort ved å la ekspertar på konflikten i området lese gjennom intervjuet i den første runden der intervjuet var ordrett gjengitt. Vi fekk svært verdifulle kommentarar, og ingen kunne sjå at vi hadde utelete viktige oppfatningar. Utvala frå 1974 og 1976, der utvalsprosedyrane stod for eit vidare spektrum av elitar, gjer resultatene enda meir pålitelege.

### Framgangsmåte i valet av respondentar

Vi prøvde å finne fram til det vi litt upresist kan kalle "opinionsleiingar" i konfliktsamanheng - dei som vi meinte hadde direkte eller indirekte innverknad på politikken i konflikten. Vi var med andre ord ikkje interesserte i personar med høg posisjon, men som ikkje hadde eit artikulert standpunkt i konflikten. Å høyre til eliten var ikkje nok, vi la vekt på kva omdømme (ry) personen hadde.

Vi valde ut frå desse elitekategoriane:

- aktive politikarar
- sivile embetsmenn i utanriksdepartementa
- professorar og journalistar
- geriljaleiarar (berre på arabisk side)

Vi kom fram til utvalet på to måtar. Ut frå vår generelle kjennskap til konflikten sette vi på førehand opp ei liste over personar vi meinte hadde innverknad. I arbeidet med å setje opp denne lista konsulterte vi ekspertar på konflikten. I konfliktområdet nytta vi også ein annan metode. Etter å ha intervjuet spurde vi respondenten om namn på andre som kunne vere nyttige å intervjuet, og som ville vere villige til å stille opp. Denne teknikken, også kalla kjedeutval, var nyttig da vi stod

ovafor problemet med å få avtalar. Ei klar ulempe ved kjedeutval er at dei som blir spurde sannsynlegvis vel personar dei sjølve likar. Det var derfor viktig å kombinere dei to metodane.

I andre og tredje intervjurunde ba vi også ekspertar i området om å lese gjennom tidlegare utval og komme med forslag til respondentar som ikkje var med i utvalet, men som dei såg på som viktige. Dette gjorde vi for å sikre solid variasjon i utvalet.

I andre runde (1974) sette vi mye inn på å få intervju med dei same personane som i 1970/72 fordi vi i 1973 hadde den viktige Oktoberkrigen. Vi håpte å finne ut om krigen hadde ført til endringar i oppfatningar. Det var betydelege problem med å nå fram til dei same personane. Nytt regime i Egypt t.d. hadde ført til at mange som var intervjuet i 1970/72 var blitt fjerna.

Målet vårt var å intervju "innflytelsesrike personar". Resultatet kan ein sjå av utvalet vi kom fram til, og vi overlet til lesaren å dømme. Respondentane er alt frå presidentar og geriljaleiarar til studentar. Utvalet ville vore annleis samansett dersom vi fritt kunne velje intervjuobjekta. Generelt kan vi likevel seie at det var gledeleg å sjå kor villige tenestemenn av høg rang var til å gi intervju.

### **Problema med å kode opne spørsmål**

Det er lagt ned mye arbeid både i utforminga av intervju spørsmåla og i sjølve feltarbeidet.

Truleg har vi arbeidd like hardt med kodeproblema. Når ein bruker ein open intervjuteknikk, blir kodeprosessen essensiell for resultatet av studien.

Skilnaden mellom opne og lukka spørsmål er ikkje avgjerande frå eit kvantifiseringssynspunkt. Problemet oppstår når ein skal ha svara inn i ein struktur eller ei klassifisering. I lukka spørsmål må respondenten velje mellom alternativ som er sett opp på førehand; i opne spørsmål blir svara i ettertid pressa inn i ein struktur i kodeskjemaet.

Frå ein forskingsøkonomisk synsstad er det sjølvsagt mye meir tidkrevjande å setje svara inn i ein struktur etter at dei er stilte. Men for den type problem vi har behandla, og den type

data vi har sett på, har vi komme til at det er essensielt for studien å ha opne spørsmål.

Ifølgje Holsti er det å kode, ein prosess (Holsti side 94)

"Der rådata systematisk blir omdanna og samla i einingar som gjer presis beskrivelse av relevante samanhengkarakteristika mogleg. Reglane ein bruker i denne omdanninga tener som operasjonelt bindeledd mellom forskaren sine data på den eine sida og teorien og hypotesane hans på den andre."

Teorien og problemet må vere rettesnor når ein skal konstruere kategoriane og reglane for klassifikasjon. Kategoriane er operasjonelle begrep for dei uavhengige variable.

Som eit første steg i kodeprosessen ønskte vi ganske enkelt å svare på spørsmålet: Kven seier kva?

Overført til vår analytiske ramme, var det viktig å nytte denne struktureringa av innhaldet for seinare å kunne seie noe om konsistens. Med denne generelle målsetjing in mente blei størrelsen på kategoriane som skal kodast eit viktig diskusjonstema. Vi måtte ta omsyn til utfallet av forskinga når vi vurderte fordelar og ulemper knytte til mange kontra få kategoriar.

Å bruke vide kategoriar gjer oss ikkje i stand til på eit seinare tidspunkt å dele opp data, men reliabilitet representerer eit mindre problem. I siste instans er det opp til forskaren å finne ut kva som er den optimale strategien.

Eit viktig formål med studien er å utføre ein komparativ analyse. Dei same spørsmåla har blitt stilt til alle respondentane på begge sider i konflikten. Det var nødvendig å komme opp med dei same kategoriane for dei arabiske og israelske utvala. Kodarane blei bedt om å kode på tvers av intervjuprotokollane, dvs at kodaren koda berre eitt respondentspørsmål om gongen for å unngå "ekkoeffekt".

Som kodeeining valde vi eit einaste utsagn på eit eller anna tema.

Som konteksteining valde vi svaret på eitt spørsmål. På den måten registrerte eller koda vi ganske enkelt at temaet forekom, ikkje kor ofte det fanst. Ved å stille spørsmålet kven sa kva, er vi interesserte i å identifisere temamønster, ikkje kor ofte temaet førekjem. Teoretisk er vi opptekne av konsistens, ikkje

intensitet.

Det interessante i forskningssamanheng er kva tema dei ulike respondentane tek med, for på den måten å vurdere korleis respondenten koplar oppfatningar. For å illustrere dette kan vi seie at vi har eit sett av kodeverdiar for kvart enkelt spørsmål, og at kodereglane som blir brukte på eitt spørsmål, ikkje må kunna brukast på eit anna. Dersom to eller fleire tema som kan kodast i same kategori finst i same svar, skal dette kodast berre ein gong. På dette første stadiet i kodinga var vi berre interesserte i å kartleggje mønstra på det respondentane sa. Når vi koda attribusjon derimot, noterte vi også ned kor hyppig ein påstand kom i same svaret. Dei ulike teoretiske betraktningsmåtane førde til ulike kodereglar. Det kom likevel fram at ulike oppteljingsreglar ikkje gjorde store utslaget på hovudtendensane i resultatata.

Reliabilitet viste seg ikkje å vere noe stort problem. Dette kan forklarast ved den type data vi var ute etter - å ta notat er ikkje noe alvorleg problem fordi data stort sett har same form, og i tillegg er data blitt koda i relativt grove kategoriar. Hadde vi brukt finare gradering i datakodinga, ville det truleg gått på bekostning av reliabiliteten.

